



JÆRBUAR: Utøvarane frå jærklubbane Frøyland, Lye og Bryne som deltok i Tyrvingleikane. Framme frå venstre: Håvard Rosseland Johansen, Renate Rosseland Johansen, Ingrid Marie Aarre og Ane Rosseland Johansen. Midtre rekke frå venstre: Thomas Brekkå, Amalie Daltveit, Vilde Rugland Jonassen, Chris André Kjærland Middtveit, Tor Harald Sel og Sara Dorthea Jensen. Bak frå venstre: Gina Salte Risa, Alexander Aarre, Kirsti Selle Ulvang, Henrik Solheim, Sven Bryne, Jon Erik Nesse, Rolf Einar Vikane og Vebjørn Kaldahl Bottenvik.

To gull og fem bronse

Nesten 20 friidrettsutøvarar frå Bryne, Lye og Frøyland deltok sist helg i Tyrvingleikane på Nadderud stadion.

ØRJAN DALTVEIT | tekst og foto

Sidan dei beste utøvarane frå klubbane i landet er representert i stemnet, er dette nesten å rekna som nasjonalt meisterskap. Uansett er dette det største stemnet for yngre utøvarar i landet, med nesten 1700 utøvarar.

Det var Vebjørn Kaldahl Bottenvik frå Bryne som gjorde størst innhogg i medaljane. Det heile starta med favorittøvinga spyd, der han gjentok prestasjonen frå dei to siste konkurransane; han tok gull. Med tre av sine kast på over 50 meter, og vinnarkastet på 52,39, var han suveren. Berre

eit kast var elles over 50 meter i konkurransen. At Vebjørn i tillegg tok bronse-medalje i diskos, sleggje og kule vart då mest som dessert å rekna.

Sara Dorthea Jensen frå Bryne tok gull i J14 på distansen 1000m kappgang. Øvinga var ny på stemneprogrammet og det var ingen andre enn Sara i årsklassen som hadde mota seg på utfordringa. For ikkje å gå heile distansen aleine, fekk ho hjelp av ei tidlegare EM- og VM-deltakar på distansen. Ho hang godt med.

Av medaljesankarar var det i

tillegg Ingrid Marie Aarre og Alexander Aarre, begge frå Frøyland, som tok kvar si bronsemedalje. Ingrid i sleggje og Alexander i høgde. I tillegg var det nokre utøvarar som nådde nesten opp til pallen. Håvard Rosseland Johansen fekk 4. plass på 60m, Renate Rosseland Johansen 4. plass i høgde, Chris Andre Kjærland Middtveit 4. plass på 3000m og Ingrid Marie Aarre 4. plass i diskos.

Alle deltakarane frå Jæren gjorde relativt gode øvingar opp mot tidlegare resultat og personlege rekordar. Opplevinga av væ-

ret på Nadderud var nok som under Nordsjørittet; ikkje til særleg hjelp. Uansett vart konkurransen i dei ulike øvingane og aldersklassane hakket kvassare enn tidlegare store stemne i sesongen, og dermed færre medaljar.

For å få ytterlegare konkurranse skal no Vebjørn Kaldahl Bottenvik til Lillehammer førstkomande helg for endå eit stort stemne. Dei andre utøvarane får stemnefri helg før KM ventar for dei over 13 år om halvannen veke.